



Vår referanse: 19/10374 19/10330

Saksbehandlar: Tove Cathrine  
Kvamme

Dato: 06.06.2019

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
42/19	Formannskapet	11.06.2019

### Delegerte saker

### Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
11/19	Tildeling av skjenkeløyve for Sumarsamkome 21.06.19
12/19	Tildeling av startlån

Trond Arne Aglen  
Rådmann

Elin Rekdal Skogstad  
stabssjef



Landsbyen Larsnes  
6084 LARSNES

Vår referanse  
19/10007 19/10064

Dykkar referanse

Sakshandsamar  
Tove Cathrine Kvamme

Dato  
24.05.2019

Saksnr.	Utval
11/19	Formannskapet

### **Tildeling av skjenkeløyve for Sumarsamkome 21.06.19**

#### **Samandrag av saka:**

Landsbyen Larsnes søker om skjenkeløyve, einskildhøve for øl og vin i høve Sumarsamkome på Larsnes. Arrangementet skal føregå ved Landsbyhuset Breidablik og i telt ved Sparebanken Møre.

#### **Vedtak:**

**Rådmannen gir skjenkeløyve for einskild høve slik:**

1. Gruppe 1 og 2 i samband med Sumarsamkome, Larsnes ved ansvarleg Rasmus Johan Ekroll, f. 17.08.1950.
2. Løyvet gjeld 21. og 22.06.2019 frå kl. 20.00 til kl. 02.00 inne og ute.
3. Styrar for skjenkeløyvet er Rasmus Johan Ekroll, f. 17.08.1950
4. Vara for styrar skjenkeløyvet er ikkje nødvendig.
5. Avgift for løyve er kr 1.000.

Det er elles ein føresetnad for vedtaket at det er tilstrekkeleg med vakter og vaktlister.

*Dette vedtaket er gjort i samsvar med alkoholova og kommunen sin alkoholpolitiske handlingsplan pkt. 3.4.*

Med helsing

Elin Rekdal Skogstad  
stabssjef

Tove Cathrine Kvamme  
konsulent

## RETNINGSLINER FOR LØYVE FOR EINSKILDHØVE

### Alkoholova § 4-5:

"Kommunestyret kan gi en eller flere bevillinger som ikke blir knyttet til bestemt person eller skjenkested, og kan tillate at en eller flere av disse bevillingene blir utøvd på et sted eller steder som godkjennes for en enkelt anledning og for skjenking til deltakere i sluttet selskap. En ambulerende bevilling kan ikke utvides til å omfatte tilvirkning eller innførsel av alkoholholdig drikk for skjenking i egen virksomhet."

### Alkoholpolitisk handlingsplan punkt 3.4 Tildeling av løyve ved einskildhøve

Det kan gjevast løyve for einskildhøve i samsvar med alkoholova. Dette er opne arrangement i tilknytning til eitt bestemt høve, som er avgrensa opp til 5 dagar. Typiske døme er festivalar, konsertar og messer.

#### 3.4.1 Skjenketider einskildhøve

Normal skjenketid vert som for alminneleg løyve jf. 3.2.1 Skjenketider for alminneleg skjenkeløyve. Men løyve for varegruppe 3 vert berre gjeve til arrangement retta mot matservering.

#### 3.4.2 Vilkår

Kommunen kan sette vilkår ved arrangement og normalt vil dette vere knytt til vakthald under arrangement, tryggleik og løyve til bruk av bygg/areal.

Dersom slike arrangement skal vere utandørs, i telt eller liknande bør det stillast vilkår om at arrangøren hentar inn godkjenning frå grunneigar. I samband med sakshandsaminga skal ein vurdere om det er behov for å stille krav om godkjenning frå mattilsynet, brannvernet og byggesaksavdelinga.

### Reglar for skjenking av alkohol ved einskild høve:

- Skjenking av alkohol skal ikkje skje til personar under 18 år
- Dei som skjenkar/sel må vere over 18 år (øl og vin) og 20 år (brennevin).
- Alkohol skal ikkje skjenkast til openbart rusa personar eller på eit slikt vis at ein må rekne med at ein gjest vert openbart rusa.
- Det må sjåast til at gjester ikkje har med og/eller drikk medbrakt alkohol og at alkohol ikkje vert teke med når dei går frå skjenkelokalet.
- Den som har fått løyve, pliktar å ha kontroll med all bruk av alkohol i det arrangementet løyvet gjeld for.
- Betaling av drikkevarene skal avgrensast til å dekkje utgiftene ved alkoholserveringa.

Kommunen sine kontrollørar kan utan å varsle på førehand kontrollere skjenkinga ved ambulerande løyve

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Kopi til  
Ingunn Thorseth Sjøstad  
Lensmannen i Herøy og Sande  
Rasmus Ekroll  
Securitas

Larsnes Bryggja 6084 LARSNES

---

Sande kommune  
Rønnebergplassen 17  
6084 Larsnes

[www.sande-mr.kommune.no](http://www.sande-mr.kommune.no)  
[postmottak@sande-mr.kommune.no](mailto:postmottak@sande-mr.kommune.no)

Sentralbord: 70 02 67 00  
Org. nr: 822 534 422  
Kontonr: 3906.07.50061

